
BJØRN KÅRE ODDE | OLE NILSSEN
HAND



Musikken på denne plata har fått liv gjennom generasjonar av spelemenn som med kyndige hender har forma, meisla ut og finpussa det som framleis set dansegolvet i kok. Måten vi brukar hendene på i dag kviler på tradisjonen etter ballmusikarane på storgardane, så vel som den einslege spelemannen i den vesle stova.

Vi byr på eit knippe slåttar av beste merke, overlevert frå hand til hand gjennom generasjonar.

Ole og Bjørn Kåre

**1. Reinlender i F**
**av Oluf Melvold (1847–1897)**

Denne reinlenderen har vi funne i «Musikk fra Åmot i Østerdalen» som består av fem hefter med slåttar samla inn av Hans Prytz, utgitt i 1976. Oluf Melvold var ein markant musikar og komponist på Hedmarken i si tid, og han leia sine eigne orkester i Åmot og på Hamar. Han må ha vore ein svært produktiv komponist, men diverre gjekk det meste av originalmanuskript tapt under andre verdskrig.

**2. Bjørn Blakkens vals**
**av Lars Hollo (1826–1902)**

Bjørn Blakkens vals står i noteboka etter Torger Olstad (1864–1941) frå Sel i Gudbrandsdalen. Fleire av slåttane i denne noteboka er slåttar frå Hedmarken, og denne smekre valsen er komponert av Lars Hollo frå Hamar.

**3. Feiringpolka**

Denne har vi lært av gruppa Over Stok og Steen, eitt av våre store førebilete. Av alle ting ein kan koma på – E-durpolka fra gærne sida ta' Mjøsa!

**4. Masurka frå Sæter på Ring**

Denne har vi også lært av gruppa Over Stok og Steen.

**5. «Den ubemerkte»**
**vals av Anders Sørensen (1821–1896)**

«Sørensens vals» er denne populært kalla, og var i ei årrekkje populær på m.a. ønskjekonserten i radio. Dei fleste i den eldre garde kjenner denne valsen godt, men han har vore lite nytta som dansemusikk dei seinare åra. Vi vil nytte høve til å løfte han fram att!

**6. «Rosa polka»**
**av Anders Sørensen**

Enda ein godbit av Sørensen. Vi har lært denne polkaen etter opptak med Birger Lundbys ensemble.

**7. «Lene», reinlender**
**av Ole Nilssen og Bjørn Kåre Odde**

Under eit arbeidsopphald vi hadde i Leveld kunstnartun vinteren 2018 sat vi pent iført slåbrok og åt frukost. Vi såg på Facebook at ei god veninne av oss, Lene Furuli, hadde bursdag. Vi komponerte denne slåtten som bursdagpresang til henne!



Ole



Bjørn Kåre

**8. Vals**
**etter Hans W. Brimi (1917–1998)**

Spelmannen og tonekunstnaren Hans W. Brimi frå Garmo i Lom var ein av dei mest markante folkemusikarane på 1900-talet. Denne valsen har vi lært etter opptak med Hans.

**9. Masurka**
**av Nils Thingstad (1826–1905)**

Denne masurkaen har blitt tradert rundt omkring i landet, mellom anna med fleire former i Gudbrandsdalen. Den står i tidlegare nemnde Torger Olstad si notebok, men vi spelar han omtrent slik han står i Hans Prytz sitt hefte.

**10. «Hjemreisen fra Christiania»**
**galopp av Lars Hollo**

Lars Hollo har skrive to «Hjemreiser». Ei frå Grundset, og ei frå Christiania. Slåtten skal ta oss med på ein togtur frå Christiania til Eidsvoll, før den vakre Mjøs-utsikta tar over. Vi kjem rullande ned bakkane frå Stange til Hamar og landar trygt og godt heime på Hedmarken.

**11. Fornesvalsen**
**av Johan Fornes**

Denne fine slåtten høyrde vi på Landsfestivalen i 2018 med gruppa Alexandersens.

**12. Reinlender i G**
**av Oluf Melvold**

Denne slåtten er henta frå Hans Prytz sine hefte med komposisjonar frå Åmot.

**13. Polkamasurka**
**av Oluf Melvold**

Ein god polkamasurka frå Hans Prytz sine hefte.

**14. «Min siste vals»**
**av Oluf Melvold**

Oluf Melvold vart kalla «Østerdalens Strauss». Dette kjem godt fram i denne valsen, som er den siste han skreiv. Melvold var fødd blind, men tok musikkutdanning i Christiania på Kongens rekning. Han er nok ein av dei aller største komponistane Hedmark har hatt.



Dance music has wandered from hand to hand over the course of several hundreds of years, and the hands we use today rest on a long dance tradition from Hedmarken. The great ball musicians, the composers on farm estates, and the solitary fiddle players living in small cottages have all given us great tunes and strong influences. We are forever grateful to them.

We want to present a bundle of tunes of the best quality – passed down from hand to hand through generations!

Ole og Bjørn Kåre

**1. Reinlender i F**
**composed by Oluf Melvold (1847–1897)**

We found this reinlender in “Musikk fra Åmot i Østerdalen”, which consists of five books of tunes collected by Hans Prytz, published in 1976. Oluf Melvold was a prominent musician and composer from Hedmarken, and he conducted his own orchestras in Åmot and Hamar. He must have been a very productive composer, but unfortunately most of his original manuscripts were lost during World War II.

**2. Bjørn Blakkens vals**
**composed by Lars Hollo (1826–1902)**

“Bjørn Blakkens vals” is transcribed in the notebook of Torger Olstad (1864–1941) from Sel in Gudbrandsdalen. Several of the tunes in this notebook are tunes from Hedmarken, and this elegant waltz was composed by Lars Hollo from Hamar.

**3. Feiringpolka**

We learned this tune from one of our great role models – the group Over Stok og Steen. Of all the things you could think of – a polka in E major from the wrong side of Lake Mjøsa!

**4. Masurka frå Sæter på Ring**

We also learned this tune from the group Over Stok og Steen.

**5. “Den ubemerkte”**
**waltz composed by Anders Sørensen (1821–1896)**

This tune is commonly known as “Sørensens vals” and was popular for a number of years on Ønskekonserten, a radio request show. Most of the older generation know this waltz well, but in recent years it has seldom been played for dance. We would like to take the opportunity to bring it forth again!



### 6. “Rosa polka”
**composed by Anders Sørensen**

Another tidbit by Sørensen. We learned this polka from a recording of Birger Lundbys ensemble.

### 7. “Lene”, reinlender
**composed by Ole Nilssen and Bjørn Kåre Odde**

During an artist residence at Leveld kunstnartun during the winter of 2018, we sat eating breakfast, nicely dressed in housecoats. On Facebook we saw that it was the birthday of a good friend of ours, Lene Furuli. We composed this tune as a birthday present for her!

### 8. Vals
**etter Hans W. Brimi (1917–1998)**

Fiddler and composer Hans W. Brimi from Garmo in Lom was one of the most prominent folk musicians of the 1900s. We learned this waltz from a recording of Hans.

### 9. Masurka
**composed by Nils Thingstad (1826–1905)**

This mazurka has been passed around in Norway, with several forms in Gudbrandsdalen. It is transcribed in the aforementioned notebook of Torger Olstad, but we play it in approximately the same way as it is transcribed in Hans Prytz’s book.



**10. "Hjemreisen fra Christiania"**
**galopp composed by Lars Hollo**

Lars Hollo composed two "Hjemreiser" (journey home). One from Grundset, and one from Christiania. This tune takes us on a high RPM train trip from Christiania to Eidsvoll, before the beautiful view of Lake Mjøsa takes over. We come rolling down the hills from Stange to Hamar and land safely home in Hedmarken.

**11. Fornesvalsen**
**composed by Johan Fornes**

We heard the group Alexandersens perform this fine tune at Landsfestivalen (the annual national competition in gammeldans and gammeldans music) in 2018.

**12. Reinlender i G**
**composed by Oluf Melvold**

This tune is drawn from Hans Prytz's books of compositions from Åmot.

**13. Polkamasurka**
**composed by Oluf Melvold**

A good polkamasurka tune from Hans Prytz's books.

**14. "Min siste vals"**
**composed by Oluf Melvold**

Oluf Melvold was called the "Strauss of Østerdalen". This is reflected in this waltz, which is the last one he wrote. Melvold was born blind, but studied music in Christiania at the King's expense. He was one of the greatest composers Hedmark has had.



**1.** Reinlender i F av Oluf Melvold

**2.** Bjørn Blakkens vals, av Lars Hollo

**3.** Feiringpolka

**4.** Masurka frå Sæter på Ring

**5.** «Den ubemerkte», vals av Anders Sørensen

**6.** «Rosa polka» av Anders Sørensen

**7.** «Lene», reinlender av Ole Nilssen og Bjørn Kåre Odde

**8.** Vals etter Hans W. Brimi

**9.** Masurka av Nils Thingstad

**10.** «Hjemreisen fra Christiania», galopp av Lars Hollo

**11.** Fornesvalsen av Johan Fornes

**12.** Reinlender i G av Oluf Melvold

**13.** Polkamasurka av Oluf Melvold

**14.** «Min siste vals» av Oluf Melvold

Recorded at Hallibakken lydproduksjon, February 4–5, 2019
Recorded, mixed and mastered: Tor Magne Hallibakken
Photo & Cover Art: Jonas Jeremiassen Tomter
Graphic design: Eva Karlsson
English translation: Laura Ellestad

Thank you:
Eva Karlsson, Laura Ellestad, Tor Magne Hallibakken,
Jonas Jeremiassen Tomter, Ta:lik

www.oddenilssen.com

ta:lik TA206CD ©Talik 2019 info@talik.no **www.talik.no**

KULTURRÅDET Arts Council Norway